



Statens vegvesen

Knut-Arve Revheim
Absalon Beiersgt.25
5034 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2015/038709-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.04.2015

Førehandstilsegn - Avkøyrsløse - gnr. 62 bnr. 12-13, 14, 24, 27 - Tofting - Lindås kommune

Vi viser til søknad motteken 25.03.2015 og telefonsamtale.

Saka gjeld søknad om avkøyrsløse. Det er i ferd med å verte opparbeida ei avkøyrsløse på staden. I brevet vi har motteke, er denne avkøyrsløsa omtala som godkjend, med tilvising til eit brev frå 2013. Vi legg til grunn at det gjeld vårt brev dagsett 10.01.2013. Brevet er å rekne som ei førehandstilsegn om at avkøyrsløseløyve vil verte gjeve når avkøyrsløsa er opparbeida i samsvar med krav i brevet.

Statens vegvesen var på synfaring ved avkøyrsløsa 13.04.2015. Vi såg då at avkøyrsløsa som er i ferd med å verte opparbeidd ikkje oppfyller krava som er sett. Vi vil særleg påpeike at krav til svingradius inneber at det må etablerast ei breiare fylling utanfor fylkesvegen.

Statens vegvesen har ikkje merknader til at ytterlegare ein fritidseigedom vert tilknytta den omsøkte avkøyrsløsa. Førehandstilsegnet vert fornya, og utvida til å gjelde for til saman fire fritidsbustader.

Krava tek utgangspunkt i gjeldande vegnormalar og er knytt til fartsgrænse 50 km/t og trafikkmengda på hovudveg og tilkomstveg. Vedtaket viser også til generelle krav i gjeldande lovverk og forskrifter.

Samanlikna med krava frå 2013 er svingradius redusert frå 5 til 4 meter og breidda i avkøyrsløsa auka frå 4 til 5 meter. Samla vil dette krevje noko mindre areal enn løysinga i prinsippsskissa frå 2013.

Vedlagt følgjer eit kart med flyfoto som viser korleis ei avkøyrsløse i samsvar med førehandstilsegnet ser ut.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til ny avkøyrsla for til saman 4 fritidsbustader under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv 404 – hp 2 – km 4,194 / gnr. 62 bnr. 12-13, 14, 24 og 27 i Lindås kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til nye fritidsbustader før endeleg godkjent avkøyrsléløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Når krav til frisikt er oppfylt, kan kommunen gje løyve til nødvendig grunnarbeid.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsla frå offentleg veg, som ligg på lovdata.no.
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsla.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebanen. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsla må vere minimum 45 meter. Eventuelle planter o.l. i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter.
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
8. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Ver venleg å vise til saksnummer 2015/038709 ved innsending av arbeidsvarslingsplan.